

Elevundersøkinga - les dette før du svarer

Kvifor bør du svare på Elevundersøkinga?

Elevundersøkinga gir deg moglegheit til å seie kva du meiner om læring og trivsel på skolen. Svara blir brukte av skolen, kommunen og staten for å gjere skolen du går på enda betre. Svara frå Elevundersøkinga kan brukast av forskarar. Vi viser også nokre av svara på nettsida «Skoleporten».

Korleis blir Elevundersøkinga gjennomført?

Det er frivillig for deg å svare på Elevundersøkinga, men vi håper du vil delta slik at skolen kan bli betre. Du kan hoppe over spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

Vi tek godt vare på svara dine

Når du svarer på spørsmåla i Elevundersøkinga, skriv du ikkje inn namnet ditt. Vi har laga svært strenge reglar for å vise resultat frå Elevundersøkinga. Det er gjort for å gjere det svært vanskeleg for andre å gjette kva du har svart. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for at svara du gir på Elevundersøkinga, blir lagra og brukte på riktig måte.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål om Elevundersøkinga, kan du spørje læraren din eller gå inn på denne nettsida: www.udir.no/undersokelser.